

1 **F2: Omvendt valdsalarm**

2 **Framleggsstillar:** Stad SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Avvisast til fordel for F1.

4

5 Den første nasjonale handlingsplanen mot vald vart lansert i 2000. Så tidleg som i
6 2003 kom det framlegg om å ta i bruk omvendt valdsalarm. 10 år seinare, i 2013 vart
7 ordninga vedteken, men den har blitt svært lite brukt. Sidan ordninga vart innført, har
8 påtalemyndigheten bedt om omvendt valdsalarm i 232 saker. Det er blitt innvilga i 105
9 av sakene (NRK)

10 I desember 2023 vedtok stortinget fleire lovendingar som skal gjere det lettare å å
11 gjennomføre bruk av omvendt valdsalarm, men lovendinga trer ikkje i kraft før 1. juli i
12 år.

13 Rundt 2000 personar i Norge har valdsalarm i dag. Ved den mest brukte
14 valdsalarmen er det den valdsutsette sjølv som må trykke på knappen for å varsle
15 politiet som kan rykke ut. Det vil uansett ta noko tid og mykje kan skje før politiet kjem
16 fram. Ved å gjere det på denne måten er det den valdsutsette sjølv som til ei kvar tid
17 må vere i alarmberedskap og vurdere mogelege trusselsituasjonar som kan oppstå.
18 Dette meiner SV fører til ei heilt urimeleg belastning for den valdsutsette. Det gjev
19 heller ikkje tilstrekkeleg tryggleik. Dei mange partnardrapa dei siste åra viser dette.

20 Sidan år 2000 er 182 kvinner og 20 menn drepne, der partnaren er sikta eller dømt for
21 drapet. Mange av desse hadde bedt om hjelp i forkant. Det viser at tiltaka som er gjort
22 for å hindre vald i nære relasjonar ikkje er gode nok. Vi må ta vald mot kvinner på
23 alvor og setje i vert tiltak som er effektive. Omvendt valdsalarm har vist seg å vere
24 effektivt.

25 Omvendt valdsalarm er ei tiltak for å kontrollere at ein person som har fått forbod mot
26 å opphalde seg på eit område overheld forbodet. Den som vert ilagt tiltaket må bere
27 fotlenke og det vert sendt varsel frå fotlenka til politiet dersom personen kjem inn
28 området han/ho har forbod mot å opphalde seg i.

29 Det er på tide at det norske rettsvesenet set valdsutsette sin tryggleik i fokus og legg
30 byrda på dei som utøver vold. Berre på denne måten kan vi hindre at mange kvinner
31 også i framtida må leve i frykt og risikere å bli drept av partnar eller tidlegare partnar.

32

33 Vern valdsutsette kvinner – Auk bruken av omvendt voldsalarm.